

Familieklatring ved Fjellandsbø

18.06.2014





Lena med Snøfrid foran veggene

* Eit halvt år gamle Snøfrid sov sott
i ei spesialaga huske som heng på ein kvist
og duvar i vinden.
* Mor Lena sit like ved og ser mot fjellsida i ein kikkert.
Ho ser far Øystein og kompisen Thomas
som er på veg oppover
Nåsoveggens mest kjente og krevjande rute
som heitar Ein midtsommarnattsdraum.

Det som skjer er stutt sagt familieklatring.



Vi er nedunder Fjellandsbø og klatrarparet er snart ferdig med økta i Uskedalen, som har vore ei stor oppleving for dei. Dette er eit av dei beste klatrefjella i Noreg.

Det er stutt sagt fantastisk,
meiner Lena Dahl (37) frå Kristiansand som til dagleg er lærar
i friluftsliv ved Høgskulen i Sogndal. Der bur ho saman med
Øystein Stangeland (45) frå Sola som er
tilkomst-teknikarar på oljeplattformar i Nordsjøen.

Kompisen er Thomas

Abrahamsen frå Skien. Det er eit prinsipp at dei skal vera minst 2 saman når dei er ute og klatrar og denne dagen er altså Øystein og Thomas i veggen. Dei starta klokka 6 og reknar med å vera nede att etter 12 timer.

Lena og Øystein har klatra sidan dei var rundt 20 år og Øystein har den lengste merittlista bak seg i så måte. Han har vore både i USA og Himalaya. Men Lena har også vore på mange fjell, ikkje minst rundt om i Europa.

Ho var imidlertid på det høgaste fjellet i Sør- og Nord-Amerika - Aconcagua i Argentina - så ho traff Øystein i 2009. Det er også hennes personlege rekord med 6 900 meter. Det sa klick med ein gong, innrømmer ho. Sidan har dei klatra saman.

Dette er første gong ho er i Uskedalen men han har vore her før. Ho har ei lang liste frå vårt land bak seg og det er tydeleg at ho er svak for Vest-Jotunheimen og Lofoten. Så planlegg dei da også besøk på ein av stadane seinare i sommar. Og dei er heilt bestemt på å koma attende til Uskedalen, men kanskje ikkje i år.

På det tradisjonelle spørsmålet om kvifor dei klatrar svarar Lena at dei store natuopplevelingane betyr mest. På andrepllassen set ho bevegelsesgleden. Ellers innrømmer ho at dei er meir forsiktige og mindre ambisiøse no, etterat dei fekk jenta. Men ho kravlar rundt på eit teppe i natureldoradoet i Uskedalen og det er nok ikkje tvil om at også ho vert glad i naturen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen